

Grunneigarar i Åbakkevika

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/222 - 22/1344

Sakshandsamar:  
Thomas Skår  
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:  
14.02.2022

## Melding om politisk vedtak - klage på politisk vedtak saknr 103/2021 datert 22.11.2021

Vedlagt følgjer saksutgreiing og vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Thomas Skår  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Mottakere:

Grunneigarar i Åbakkevika  
Marina Solutions AS  
Mowi ASA

Ivar Aasen-gata 10	6150	ØRSTA
Postboks 4102	5835	BERGEN
Sandviken		

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Skår	Gbnr-38/2	21/222

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2022	Formannskapet	PS	20.01.2022

### Klage på politisk vedtak saknr 103/2021 datert 22.11.2021 - Mowi Kvingo

#### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
[Hoveddokument] - 03.01.2022, Merknad til Mowi sin klage	04.01.2022
Merknad til klagesak 106/ 2021 (ArkivID 21/222)	04.01.2022
VEDLEGG 2 - 06.10.2021, Klage på delegert vedtak 17.09.2021	04.01.2022
VEDLEGG 1 - Havneforhold og dybder ved eksisterende og omsøkt brygge	04.01.2022
VEDLEGG 3 - 09.11.2021, Sakstillegg til Klage 06.10.2021	04.01.2022
VEDLEGG 4 - 12.11.2021, Kommentar til Merknad fra Mowi 03.11.2021	04.01.2022
VEDLEGG 3a - 26.02.2018, Dispensasjonssøknad bryggeutvidelse, tegninger og kart	04.01.2022
VEDLEGG 3b - Fylkesmannens vurderinger i tilsvarende dispensasjonssaker i Masfjorden Kommune	04.01.2022
Merknad til klage fra Mowi datert 17.12.21 - (21/222 - 21/9883) - gbnr 38/2	04.01.2022
Nabovarsel MOWI-klage	04.01.2022
Klage på politisk vedtak - referanse 21_222 - 21_9883	20.12.2021
VS: Klage på politisk vedtak, referanse 21/222 - 21/9883	20.12.2021
Vedlegg 1 - 9 til klage	20.12.2021
Melding om politisk vedtak - klage på delegert vedtak saknr 1062021 datert 17.09.2021	20.12.2021
Melding om politisk vedtak - klage på delegert vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021	30.11.2021
Klagesak 106/ 2021 - Saksdokument som ikke har blitt medtatt i saken	17.11.2021
Kommentar til Merknad fra Mowi 03.11.2021	17.11.2021
Vedlegg - Hvilke brønnbåtstørrelser eksisterende og ny brygge er dimensjonert for	17.11.2021
Vedlegg - 10.11.2021, Info fra BKK om landstrøm til brønnbåter	17.11.2021
Vedlegg - Rapport fra Fylkesmannen - Tilsyn av Mowi Kvingo sitt settefiskanlegg	17.11.2021
Sakstillegg til Klage på vedtak – utlegging av flytekai – 38/2 Masfjorden	15.11.2021
Sakstillegg til Klage på vedtak – utlegging av flytekai – 382 Masfjorden	15.11.2021
Vedlegg - 10.11.2021, Info fra BKK om landstrøm til brønnbåter	15.11.2021
Vedlegg - Hvilke brønnbåtstørrelser eksisterende og ny brygge er dimensjonert for	15.11.2021
VEedlegg - Rapport fra Fylkesmannen - Tilsyn av Mowi Kvingo sitt settefiskanlegg	15.11.2021
Sakstillegg til Klage på vedtak – utlegging av flytekai – 38/2 Masfjorden	11.11.2021
09.11.2021, Sakstillegg til Klage 06.10.2021 på delegert dispensasjonsvedtak (Hoveddokument)	11.11.2021
VEDLEGG Bryggeutvidelse 2018 – Situasjonsskart, Tegning av brygge med	11.11.2021

fortøyninger (26.02.2018)	
VEDLEGG Bryggeutvidelse 2018 - Dispensasjonssøknad og nabovarsel (26.02.2018)	11.11.2021
VEDLEGG Omsøkt bryggeutvidelse 2021 - 06.07.2021, Søknad om tillatelse til tiltak - Erklæring ansvarsrett	10.11.2021
VEDLEGG Fylkesmannens vurderinger i tilsvarende dispensasjonssaker i Masfjorden Kommune	11.11.2021
15.10.21 kommentar til klage på disp justert js 21.10.21	04.11.2021
Kommentarer til klage på dispensasjon - MOWI, Kvingo - gbnr 38/2	04.11.2021
Klage på delegert vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021	25.11.2021
06.10.2021, FELLES KLAGE PÅ VEDTAK fra Grunneierne ved Åbakkevika	06.10.2021
Klage på delegert vedtak - søknad om dispensasjon for utviding av flytebrygge (Ref: 21/222 - 21/7407) - gbnr 38/2	06.10.2021
VEDLEGG 2 - 23.04.2021, E-mail til Marina Solutions	06.10.2021
VEDLEGG 1 (C7) - Dybde i riss og eksempler brønnbåter	06.10.2021
VEDLEGG 3 - 23.04.2021, E-mail til Masfjorden kommune	06.10.2021
VEDLEGG 1 (C6) - KART nr.1-6	06.10.2021
VEDLEGG 1 (C5) - FELLES MERKNAD fra grunneierne ved Åbakkevika	06.10.2021
Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for utviding av eksisterende flytebrygge gbnr 382	17.09.2021
Søknad om tillatelse til tiltak - dispensasjon utviding av flytekai - gbnr 38/2	09.07.2021
Vedlegg C2 - Kvittring for nabovarsel	09.07.2021
Vedlegg C3 - Merknader fra berørte naboer	09.07.2021
Vedlegg C4 - Merknad til nabovarsel	09.07.2021
Vedlegg C5 - 12.06.2021, FELLES MERKNAD fra grunneierne ved Åbakkevika	09.07.2021
Vedlegg C6 - KART nr.1-6	09.07.2021
Vedlegg C7 - Dybde i riss og eksempler på brønnbåter	09.07.2021
Vedlegg C8 - Kommentarer til merknad frå naboer vedr endring flytebrygge Kvingo	09.07.2021
Vedlegg D1 - Situasjonsplan	09.07.2021
Vedlegg D2 - Forankringsplan	09.07.2021
Vedlegg E1 - Snitt forankring	09.07.2021
Vedlegg G1 - Erklæring om ansvarsrett	09.07.2021
Vedlegg G2 - Gjennomføringsplan	09.07.2021
Vedlegg Q1 - Nabovarselet gjelder	09.07.2021
Samsvarserklæring	09.07.2021
Søknad om tillatelse til tiltak	09.07.2021
Vedlegg B1 - Dispensasjonssøknad signert	09.07.2021
Vedlegg C1 - Opplysninger gitt i nabovarsel	09.07.2021
Kommentarer til merknader av 03.01.22 til klagesak - gbnr 38/2	11.01.2022
Vedlegg 1 - uttalelse fra Marina Solutions	11.01.2022
12.01.2022 TILLEGGSMERKNAD til Mowi sin kommentar av 11.01.2022 (004)	14.01.2022

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Klage frå MOWI datert 17.12.2021 vert teke til følgje. Vedtak gjort i administrativt vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021 vert lagt til grunn:**

**«Masfjorden kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon for utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2 som omsøkt.**

Masfjorden kommune gjev med heimel i hamne – og farvasslova § 14 løyve til utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2.

Masfjorden kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 løyve til utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2. Søknad med vedlegg mottatt 09.07.2021 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan mottatt 09.07.2021.
- Tiltaket må ikkje igangsettjast før klagefristen på vedtaket er ute og det ikkje ligg føre klage på dispensasjonsvedtaket.
- Det skal søkast om ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.
- Dersom tiltaket ikkje vert sett i gang innan 3 år etter at meldinga vart motteke av kommunen, eller at tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Grunngjeving: Bruken av strandsona vil etter administrasjonen si vurdering bli svært lite endra, sidan det alt ligg flytebrygge i tilknytning til MOWIs drift der i dag. Forskjellen blir at ny flytebrygge vil ha litt større mål og bli flytta 12 meter lengre ut slik at det vert nok dybde til å ta i mot brønnbåtar som krev større dybde enn det er ved eksisterande brygge.

Det vert vurdert at tiltaket vil medføre minimal, om nokon, risiko for skade på naturmangfaldet. Gjennomføring av omsøkt tiltak vil med andre ord ikkje vere i strid med naturmangfaldslova.

Ved å utvide flytebryggja vil ein kunne ivareta sikkerheita til båt, mannskap og fiskevelferd ved at båtar ikkje lengre vil ta ned i havbotnen når dei legg til brygga. Ved å kunne ta i mot større båtar vil det verte færre anløp pr år der meir miljøvennlege båtar vil redusere støy for omliggjande eigedomar enn båtar som vert nytta i dag.

Det må bli tatt omsyn til friluftsliv, ålmen ferdsel, naturkvalitetar og landskap ved utbyggjing i landskap med spesielle kvalitetar. Forhold til andre interesser som for eksempel akvakultur må også vurderast. Behov for næringsutvikling og arbeidsplassar skal også tillegkast vekt jf statleg planretningslinjer for diffirensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Etter kommunen sin kunnskap, så har det ikkje vore store utfordringar knyta til fortøyning av eksisterande bryggje for dei som nytta området til fiske og rekreasjon. Det vert difor vurdert at om flytebryggja kjem 12 meter lengre ut, så vil ikkje det skape store ulemper for dei som nytta Åbakkevika til fiske eller anna bruk.

Administrasjonen finn at omsynet bak reglane det vert dispensert frå eller omsyna i lovene sine formål, ikkje vert vesentlig sett til side ved å gje dispensasjon i dette høve og at fordelane er større enn ulempene jf plan- og bygningslova § 19-2.

Heimel: Plan- og bygningslova § 19-2, § 20-1, Hamne og farvasslova § 14 og Masfjorden kommuneplan 2018-2030.»

Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland.

Saksopplysningar:

## Bakgrunn

Masfjorden kommune har mottatt klage datert 17.12.21 på Masfjorden kommune v/formannskapet sitt vedtak av 22.11.2021 under saknr 103/2021 der det ikkje vart gjeve dispensasjon for utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2.

## Fakta

Situasjonskart under viser omsøkt flytebrygge målsatt.



Saka gjeld klage frå tiltakshavar (MOWI) på formannskapet sitt vedtak av 22.11.2021 under saknr 103/2021. I møte handsama formannskapet felles klage frå grunneigarane i Åbakkevika på delegert vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021 der administrasjonen godkjente søknad om dispensasjon for utviding av eksisterande flytebrygge på gbnr 38/2.

Det vart i formannskapsmøte 22.11.21 vedteke at felles klage frå grunneigarane i Åbakkevika skulle takast til følgje og difor ikkje gjevast dispensasjon for utviding av flytebryggja. Dette vedtaket er no påklaga av tiltakshavar.

I saksframlegget vidare vert innhaldet i klagen gjennomgått punkt for punkt.

I **punkt 1** startar MOWI med å presisere kva saka dreiar seg om. Søknaden deira gjeld utviding av eksisterande flytebrygge der ny bryggje vert om lag same lengd som eksisterande brygge, men vert lagt ut ca 12 meter lengre ute. Grunngeving for å søkje om utviding er omsyn til djupneforhold når brønnbåtar skal legge til kai samt at ny bryggje vil verte tyngre, meir robust og stabil enn eksisterande flytebryggje.

Det vert vidare kommentert at utviding av bryggja vil ha stor betydning for vidare drift av anlegget,

samt at det føreligg positiv samfunnsmessig betydning av at bedrifta har etablert seg der (arbeidsplassar, at ansatte nyttar tilbod i område (mellom anna butikken på Kvingo). MOWI skriv vidare at dei ikkje ser kva som ville kome fram i ein reguleringsplan-prosess ettersom det er innhenta uttale frå dei same regionale/statlege innstansane som ville vore høyringsinstansar i ein reguleringsplan-prosess. I tillegg er bunnforhold kartlagt etter konsesjonskrav. Flytebryggje er også eit reversibelt tiltak der ein har anledning til å flytte bryggja dersom ein framtidig planprosess vurderer at brygga bør ha ein annan plassering.

I **punkt 2** forklarar MOWI om oppdrettsnæringa (fiskebiologi) og behovet for brønnbåtar. Dei fortel om kva faktorar (mellom anna generell produksjonsauke, større biomasse som skal transporterast, at båtane skal nyttast til anna enn å transportere fisk) som gjer at båtane vert større og korleis dei vurderer sine behov i høve til forutsigbarheit ved levering og fiskevelferd. Ettersom produksjonen på settefiskeanlegga tidsmessig er ganske like vil ofte behovet for brønnbåtar kome på same tidspunkt og skape logistikkutfordringar.

I klagebrev **punkt 3** vert det fortalt om dagens djupnesituasjon og dei utfordringar det skapar for mannskap, fartøy og for dyrevelferden. Ved dagens situasjon gjer djupneforhold at anlaup vert underlagd restriksjonar i høve til vasstand og verforhold. Dette kan medføre at planlagde operasjonar må utsettast evt avbrytast. Dagens dybdeforhold medføre fare for skade på fartøy og kan auke risiko for mannskap/personell dersom det vert behov for akutte tiltak for å avertere skade. Dei skriv vidare at ettersom vassinntaka sit i bunnen av båtane vil det vere ekstra risiko for å suge inn småstein/sand som kan tette filter og begrense sirkulasjon. Det vil kunne bli færre anlaup ved eit bryggje som kan ta i mot større båtar og og føre til mindre sjenanse i form av mindre anlaupstimar ved kai. I tilknytning til punkt 3 har klagar lagt ved uttale frå kaptein på brønnbåtane «Inter Nord», «Ronja Vest», «Aqua Kvaløy» og «Ronja Christopher». Felles for desse uttalane er at dei ser behov for at flytebrygga vert lagt lengre ut for å betra djupneforhold for å sikre fortøyning og sikkerheit for båtar, mannskap og fiskevelferd.

Under **punkt 4** er det skriva litt om bunnforhold samt vedlagt illustrasjon av brønnbåtane «Aqua Kvaløy» og «Aqua Maløy». Illustrasjonane viser at at Aqua Kvaløy kun kan legges til eksisterande brygge ved flo, og at den truleg vil ta ned i botnen ved fjæra sjø. Illustrasjonen viser også at Aqua Maløy som er ein av dei største kontraherte brønnbåtane ikkje kan legges til dagens bryggje. Vedlegg under punkt 4 omfattar også sjømålingsrapport utført av Veseth AS.

Under **punkt 5** i klage kjem klagar med avsluttande kommentarar. Når det gjeld omfang av anlaup skriv klagar at anlaup vert styrt av smoltvindauget, og at det vil seie at det ikkje er jamnt med trafikk heile året. MOWI anslår at antall anlaup om våren vil vere mellom 5 og 10 og at det vil verte tilsvarende om hausten. Varigheit ved kvart anlaup er om lag 5 timar, men dette kan variere noko. Klagar skriv vidare at dei eigedomane som ligg nærmast bryggjeanlegget og som blir mest berørt av båtrafikken, vert nytta som fritidsbustader. Sett i samanheng med omfang av anlaup (i hovudsak vår og haust), meiner klagar at det bør vere relevant i vurderinga. Til slutt i punkt 5 vert det forklart om endringa som vart gjort på flytebrygga i 2018.

Under **punkt 6** vert det vist til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

## Vurdering

Administrasjonen vurderer framleis at omsøkt tiltak oppfyller krava til å gje dispensasjon jf plan- og bygningslova kapittel 19. Administrasjonen vil difor også vise til grunngevinga og saksutgreiinga gjort i administrativt vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021. Det har i klage frå tiltakshavar kome fleire moment som talar for godkjenning av søknad. Mellom anna presisering av djupnesituasjon og dei

utfordringar som det skapar samt presisering av den samfunsmessige betydninga bedrifta har for kommunen.

Det er kome inn felles merknad frå Grunneigarane i Åbakkevika samt eigen merknad frå Berit og Kjell Østbø til klage frå MOWI. Desse merknadane er knytt til saksframlegget. Innkomne merknader går i hovudsak ut på bunnforholda i vika, forhold vedr leie av brønnbåtar, storleik på brønnbåtar og levering av smolt.

Merknadane som er kome inn gjev ingen nye opplysningar, eller kjem med andre moment som gjer grunn til å endre på administrasjonen sine konklusjonar og administrative vedtak i saka.

Kommunen mottok i e-post 11.01.2022 merknad frå MOWI der dei kommenterer inkomen merknad frå grunneigarane i Åbakkevika datert 03.01.2022. MOWI sine kommentarar til merknaden er knytt til saksframlegget. Kommunen mottok deretter merknad igjen frå grunneigarane i Åbakkevika til MOWI sine merknader av 11.01.2022. Denne merknaden er også knytt til dette saksframlegget.

### **Konklusjon**

Klage frå MOWI datert 17.12.2021 vert teke til følgje og vedtak gjort i administrativt vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021 vert lagt til grunn. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland.

### **Formannskapet - 003/2022**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Klagen vert teke til følgje. Det vert ikkje gjeve dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 for omsøkt utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2.

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart vedteke med 3 mot 2 (Ap og Sp) røyster.

#### **FS - vedtak:**

**Klage frå MOWI datert 17.12.2021 vert teke til følgje. Vedtak gjort i administrativt vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021 vert lagt til grunn:**

**«Masfjorden kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon for utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2 som omsøkt.**

**Masfjorden kommune gjev med heimel i hamne – og farvasslova § 14 løyve til utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2.**

**Masfjorden kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 løyve til utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2. Søknad med vedlegg mottatt 09.07.2021 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan mottatt 09.07.2021.**

- Tiltaket må ikkje igangsettjast før klagefristen på vedtaket er ute og det ikkje ligg føre klage på dispensasjonsvedtaket.
- Det skal søkast om ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.
- Dersom tiltaket ikkje vert sett i gang innan 3 år etter at meldinga vart motteke av kommunen, eller at tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

**Grunngjeving:** Bruken av strandsona vil etter administrasjonen si vurdering bli svært lite endra, sidan det alt ligg flytebrygge i tilknytning til MOWIs drift der i dag. Forskjellen blir at ny flytebryggje vil ha litt større mål og bli flytta 12 meter lengre ut slik at det vert nok dybde til å ta i mot brønnbåtar som krev større dybde enn det er ved eksisterande brygge.

Det vert vurdert at tiltaket vil medføre minimal, om nokon, risiko for skade på naturmangfaldet. Gjennomføring av omsøkt tiltak vil med andre ord ikkje vere i strid med naturmangfaldslova.

Ved å utvide flytebryggja vil ein kunne ivareta sikkerheita til båt, mannskap og fiskevelferd ved at båtar ikkje lengre vil ta ned i havbotnen når dei legg til brygga. Ved å kunne ta i mot større båtar vil det verte færre anløp pr år der meir miljøvennlige båtar vil redusere støy for omliggjande eigedomar enn båtar som vert nytta i dag.

Det må bli tatt omsyn til friluftsliv, ålmen ferdsel, naturkvalitetar og landskap ved utbyggjing i landskap med spesielle kvalitetar. Forhold til andre interesser som for eksempel akvakultur må også vurderast. Behov for næringsutvikling og arbeidsplassar skal også tillegkast vekt jf statleg planretningslinjer for diffirensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Etter kommunen sin kunnskap, så har det ikkje vore store utfordringar knyta til fortøyning av eksisterande bryggje for dei som nytta området til fiske og rekreasjon. Det vert difor vurdert at om flytebryggja kjem 12 meter lengre ut, så vil ikkje det skape store ulemper for dei som nytta Åbakkevika til fiske eller anna bruk.

Administrasjonen finn at omsynet bak reglane det vert dispensert frå eller omsyna i lovene sine formål, ikkje vert vesentlig sett til side ved å gje dispensasjon i dette høve og at fordelane er større enn ulempene jf plan- og bygningslova § 19-2.

**Heimel:** Plan- og bygningslova § 19-2, § 20-1, Hamne og farvasslova § 14 og Masfjorden kommuneplan 2018-2030.»

Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland.